

**Målsetjing for tiltaket:**

- Rekruttering og utrusting av barn og unge til dansarar i kyrkjeleg samanheng
- Rekruttering frå eit breiare nedslagsfelt enn vi gjer no
- Bygge det saman med breiddetiltak i trusopplæringa

**Handlingsplan:**

2 x 5 vekers kurs kvart semester, som endar opp i ei framføring av dans, for eksempel i gudsteneste.

Eitt kurs for 1-3 klasse, eitt kurs for 4-7 klasse. Kursa skal vere på lokalet vårt Møteplassen, og det avgrensar gruppetalet til 12 personar. Vi prøver å legge opp til kurs i SFO-tid/tidleg ettermiddag, så det konkurrerer mindre med andre aktivitetar og behov i familiane.

Opplegget for ein kurstime er ein liten undervisningsbolc/andakt med vekt på dans i Bibelen/dans i kyrkje. Deretter teknikk og undervisning i ein koreografert dans.